

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

Møte i Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

Stad: Stranda Hotel AS, Allmenningen 16, 6200 Stranda, www.strandahotel.no

Dato: 29.- 30. april, 2022

Påmelding:

| Kommune | Medlemmar | Møtt | Varamedlemmar | Møtt |
|----------|------------------------|------|-------------------|------|
| Dovre | Frode Faksvåg | x | Inger Marie Aalbu | |
| Lesja | Liv Enstad | x | Einar Utgaard | |
| Lom | Jon Sjugard | x | Sigrun Garmo | |
| Luster | Eli Merete Hansen Moen | x | Arne Hauge | |
| Fjord | John Helge Larsen | x | Monika Tettli | |
| Rauma | Ingunn Svelle Heinåli | x | Arne Hoem | |
| Skjåk | Randi Rust | x | Thorstein Åmodt | |
| Stranda | Steinar Aanning | x | Torill Ansnes | |
| Stryn | Johan Berge | x | Karoline Hatledal | |
| Vågå | Pål Grev | x | Karola Wenzel | |
| SF-MR | Andreas Sandnes Granli | | Bjarne Otnes | |
| Sekretær | Tor Taraldsrud | x | | |

Minibuss frå Bismo (Skeimoplassen): Pål Grev, Randi Rust, Tor Taraldsrud, Jon Sjugard. Johan Berge blir med frå Stryn.

Program:

Fredag 29. april

17:30 – 18:00 Rundstykke / kaffi / te

18:00 – 19:30 Møte villreinnemnda (møterom for minst 11 pers)

20:00 Middag

Laurdag 30. april

08:00 – 09:00 Frukost

09:00 – 10:30 Møte villreinnemnda (møterom for minst 11 pers)

10:30 – 11:00 Kaffi / te / frukt (i stort møterom)

11:00 – 13:00 Felles møte med villreinutvalet (i stort møterom)

12:00 – 13:00 Fagtema: Kvalitetsnorm for villrein v/Einy Brænd, Norsk villreinsenter nord

13:00 – 14:00 Lunch (felles med villreinutvalet)

14:00 – 15:00 Felles møte med villreinutvalet (i stort møterom forts.)

15:00 – 16:00 Møte villreinnemnda (møterom for minst 11 pers)

Innhald

| | | |
|-------|---|----|
| 3. | Godkjenning og innkalling av sakliste | 2 |
| 4. | Årsmelding og rekneskap for 2021 | 2 |
| 5. | Budsjett 2022..... | 5 |
| 6. | Villreinrådet - fagdag den 1.–2. juni, Spidsbergseter, Rondane | 6 |
| 7. | CWD-kartlegging | 6 |
| 8. | Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen lyser ut middel til villreintiltak..... | 8 |
| 9. | Kvote 2022 og tildeling av fellingsløyve | 9 |
| 10. | Orienterings og drøftingssak: Utbygging av rv 15 gjennom Breiddalen | 11 |
| 11. | Orienterings og drøftingssak: Kvalitetsnorm for villrein - status | 11 |
| 12. | Referatsaker..... | 12 |
| 12.1. | Søknad om kjentmannskøyering 2022 - høyringsuttale (Sak 1-22)..... | 12 |
| 12.2. | Søknad om øvingsaktivitet i Breheimen – høyringsuttale (Sak 2-22)..... | 14 |
| 12.3. | Oppfølging av rasteplass ved Geirangerkrysset (Rv 15)..... | 15 |
| 13. | Neste møte i nemnda | 15 |
| 14. | Eventuelt..... | 15 |

Sakliste:

3. Godkjenning og innkalling av sakliste

Innstilling: Ingen merknader til innkalling og sakliste
Vedtak: Ingen merknader til innkalling og sakliste

4. Årsmelding og rekneskap for 2021

Møte

Nemnda hadde 5 møter i 2021:

1. Digitalt møte 6. januar med forslag til representant til fagleg ekspertgruppe.
2. Digitalt møte 22. februar. Endre Læg Reid (leiar i nemnda for Hardangervidda) heldt presentasjon om CWD og forvaltning på Hardangervidda.
3. Digitalt møte 23. april. Årsmøte.
4. Fysisk møte 11. juni. Synfaring Aursjoen, Skjåk.
5. Fysisk møte 23. september. Omvising Norsk Fjellsenter i Lom. Synfaring Liafjellet i Lom.

Skrantesjuka (CWD): Det var lagt opp til omfattande prøvetaking av CWD-prøver av all villrein eldre enn eit år som vart felt under jakt. I vårt område var det ei kvote på 1100 dyr, fordelt på 400 kalv og 600 vaksne dyr. Det vart felt 566 vaksne dyr. Av desse vart det innsendt 370 CWD-prøver. 350 vart analysert, alle var negative. Året før ble det sendt inn 297 CWD-prøver, da var det felt 342 vaksne dyr. Alle valda fekk tilsendt prøvetakingsutstyr direkte frå Veterinærinstituttet. (Tala for 2021 er henta frå hjorteviltregisteret medan tala i tidlegare år har vore henta frå overvåkingsrapporten til Veterinærinstituttet. Det kan sjå ut til at tala frå Veterinærinstituttet inkluderer ein del prøver som ikkje er fanga opp i hjorteviltregisteret. Det er derfor truleg at talet på innsendte CWD-prøver er noko større enn 370).

Nemnda var representert ved Liv Enstad, Jon Sjugard, John Helge Larsen, Randi Rust, Johan Berge og Pål Grev under landsmøte og fagdag i regi av villreinrådet på Geilo i midten av oktober. Villreinrådet er ein frivillig organisasjon for villreinnemnder og villreinutval. Randi Rust vart vald inn som styremedlem i villreinrådet i 2019.

Sekretær deltok på evalueringsmøte for utval og oppsyn etter jakta.

Liv Enstad, Johan Berge og sekretær deltok på fleire møter med Norsk villreinsenter, SNO og villreinutvalet i samband med kvalitetsnormen for villrein og delnorm 3: Leveområde og menneskeleg påverknad.

Saker

Nemnda handsama 44 saker (inkludert referatsaker) i løpet av 2021.

Sekretariatet

Sekretariatet for villreinnemnda har frå 01.01.2009 kjøpt teneste av Skjåk kommune. Kjøp av tenester er heimla i kontrakt (frå 2016) inngått mellom Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Skjåk kommune.

Villreinområdet gjennom året

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

3

Bruken av arealet innan villreinområdet er den største utfordringa gjennom året. Villreinen er arealkrevjande og sårbar for forstyrning. I fleire saker er det viktig å bidra til å minimere konsekvensane av ulike inngrep. Leveområda er kontinuerleg pressa frå fleire hald.

Økonomi

Nemnda vart løyvd kr 300.000,- frå Miljødirektoratet i 2021, mot 370.000,- i 2020. Frå før hadde vi eit forskot på sekretærarbeid på kr 235.345,- Reelt hadde vi altså kr 535.345,- til disposisjon i 2021.

Midla blir overført frå Statsforvaltaren i Møre og Romsdal som fører rekneskap for villreinnemnda. I 2021 vart utgiftene til drift noko større enn tildelinga, underskotet vart på kr 14.239,- Villreinnemnda får berre middel til drift eit og eit år. Rekningar som det ikkje er dekning for blir derfor utbetalt fyrst året etter.

I både dei to siste åra har nemnda fått noko mindre tildeling enn det vi har brukt. Men sidan nemnda har fått forskot på sekretærfunksjonen tidlegare har vi likevel økonomi til å kunne gjennomføre tilstrekkeleg møteaktivitet. Truleg vil aktiviteten og kostnadene auke ein del no når koronasituasjonen ikkje er til hinder for fysiske møte lengre. Da vil neppe oppsparte middel halde lenge om tildelinga ikkje blir auka att. I t.d. 2019 fekk nemnda tildelt kr 450.000,- til drift. Altså eit betydeleg større beløp enn det vi har fått dei siste åra.

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

4

Tabell 1 – rekneskap 2021 og budsjett 2022

| Konto | Forklaring rekneskap | Inntekter | Inntekter | Forklaring budsjett |
|------------|-----------------------------------|-------------------|-------------------|--|
| | | Regn 2021 | Budsj 2022 | |
| | | | kr 90 156 | Forskot sekretær frå 2017 |
| | | | kr 40 555 | Forskot sekretær frå 2018 |
| | | | kr 110 939 | Forskot sekretær frå 2019 |
| | | | kr 9 831 | Forskot sekretær frå 2020 |
| | | | -kr 16 136 | Underskot (rest) frå 2020 |
| | | | -kr 13 525 | Underskot (rest) frå 2021 |
| 235 | Rame frå Miljødirektoratet | kr 300 000 | kr 300 000 | Rame frå Miljødirektoratet |
| | | | kr 521 819 | Sum middel til disposisjon i 2022 |

| Konto | Forklaring rekneskap | Kostnader | Kostnader | Forklaring budsjett |
|----------|---|-------------------|-------------------|--|
| | | | | |
| 5300 | Løn og godtgjersle styre, råd og utvalg | kr 139 455 | kr 145 000 | Om lag same nivå som i fjor |
| | Ekstrakostnader leiar | | kr 10 000 | |
| 5330 | Honorarer | | kr 10 000 | Innleige av kjentmenn, føredragshaldar |
| 5400 | Arbeidsgiveravgift | kr 20 108 | kr 21 855 | 14,1% av møtegodtgjersle |
| 5990 | Annen personalkostnad | kr 220 | | |
| 5 | Sum løn og godtgjersle | kr 159 783 | kr 186 855 | |
| 6780 | Tenestekjøp sekretær 2021 (449,66 kr/t x 228,5 t) | kr 102 747 | kr 93 800 | 469 kr/t x 200 t |
| 6780 | Stempling kontrollkort - villreinutvalet | kr 5 000 | kr 5 000 | |
| 6840 | Trykksaker (bladet villreinen) | kr 1 319 | kr 1 350 | Trykksaker (bladet villreinen) |
| 6860 | Møter eksterne, leige av møtelokale, kost og losji | kr 1 989 | kr 15 000 | Fysiske møte, rimelegare med digitale |
| 6871 | Fagdag villreinrådet | kr 14 424 | kr 20 000 | |
| 6 | Tenester | kr 125 479 | kr 135 150 | |
| 7100 | Bilgodtgjering, oppgavepliktig | kr 21 217 | kr 45 000 | Kr 15-20.000,- ekstra i køyring om alle skal på fagdag/landsmøte i villreinrådet |
| 7132 | Reisekostnad, ikkje oppgavepliktig | kr 1 106 | | |
| 7150 | Diетtkostnad, oppgavepliktig | kr 2 685 | | |
| 7350 | Kaffi/biteti på møte (Norsk fjellmuseum) | kr 403 | | |
| 7400 | Kontingent villreinrådet | kr 3 566 | kr 3 566 | |
| 7 | Reise | kr 28 977 | kr 48 566 | |
| | Sum | kr 314 239 | kr 370 571 | |
| | Resultat | -kr 14 239 | -kr 70 571 | |
| | Restbeløp dekt av Statsforvaltaren i M&R | 714 | | |
| | Restbeløp dekt av tidlegare forskot til Skjåk kommune | -kr 13 525 | -kr 70 571 | |

Innstilling: Årsmelding og rekneskap - godkjent.
Vedtak: Årsmelding og rekneskap - godkjent.

5. Budsjett 2022

Nemnda har motteke kr 300.000,- til drift i 2022. I tillegg har Skjåk kommune att eit forskot frå tidlegare på kr 221.819,- Reelt har derfor nemnda kr 521.819,- til sitt arbeid dette året.

Den kritiske faktoren for nemnda sin økonomi er talet på møte. Nemnda meiner at skal vi klare å oppfylle den rolle som det er skissert at nemnda skal ha, bør det avviklast tre-fire møte i året og i tillegg møte i arbeidsutvalet ved behov. I 2022 bør vi få til omlag tilsvarende møteaktivitet som i 2021. Nemnda ynskjer å vere aktiv i forhold til arealplanlegginga i den enkelte kommune. Nemnda vil og vere aktiv overfor villreinutvalet og avviklar også i dag mange møte i året saman med dei.

Ein del av møta i nemnda bør vera med overnatting. Det gjer at nemnda kan kombinere møteverksemda med synfaringar noko som er svært nyttig. Villreinområdet er stort og det er vanskeleg å ha oversikt, derfor er det nytting med synfaringar for medlemmane. Det gjer og at ein kan leggje opp synfaringar som inkluderer saker som skal bli behandla.

Det er truleg aktuelt å delta på fagdagen i Rondane for fleire av medlemmane i nemnda. Sjølv om koronasituasjonen ikkje lengre påverkar møteaktiviteten i særleg grad, kan det vere aktuelt å kombinere fysiske og digitale møte igjennom året.

Nemnda legg opp til eit overforbruk på kr 70.571,- for 2022.

Innstilling: Legge opp til eit budsjett som sikrar nemnda tilfredsstillande aktivitet innanfor dei økonomiske ramane vi har.

Vedtak: Budsjett for 2022 vedteke med eit overforbruk på kr 70.571,-

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

6

6. Villreinrådet - fagdag den 1.–2. juni, Spidsbergseter, Rondane

Saksa frå e-post frå sekretær i villreinrådet:

Styret i Villreinrådet har gleden av å invitere årets fagdag fra 1.-2. juni, (onsdag til torsdag, fra lunsj til lunsj).

Se vedlagt utkast til program!

Samlingen holdes på Spidsbergseter Resort i Rondane. Vi har fått et godt tilbud på rundt 2690,- per person i enkeltrum og 2390,- i dobbeltrum. Dette inkluderer tre retters middag m. drikke, to lunsjer m.m. Etter hvert som enkeltrum fylles, vil de som melder seg på senere plasseres i leiligheter, med egne soverom. Hvis flere kan dele en slik leilighet, så er det fint om dere sier ifra.

Når det gjelder programmet så vil det være flere foredrag rundt kvalitetsnormarbeidet, vilthelse, reetablering, men også rundt noen øvrige tema som hva vi kan lære av tamrein, innlegg fra DNT samt god informasjon fra de lokale områdene. Det jobbes også med å få til en liten utflukt med guida tur over Venabygdsfjellet.

Påmelding er til meg (e-post) og påmeldingsfrist settes i første omgang til 1. mai. Men flott med påmelding snarest!

Jeg trenger navn, nummer og e-postadresse til alle som meldes på. Er det noen spesielle mathensyn som må tas, så si ifra om det.

Videresend gjerne invitasjonen til andre som dere kan tenke dere å være interessert.

Hilsen Christian Hillmann, sekr., tlf 90152571

Innstilling: Det blir opna for at dei faste medlemmane i nemnda kan melde seg på fagdagen.
Fylgjande medlemmar har gjeve tilbakemelding om at dei ynskjer å delta: Jon Sjurgard, Ingunn Svelle Heinåli, Pål Grev, Eli Hansen Moen, John Helge Larsen, Johan Berge (førebels) og sekretær. Randi Rust møter som styremedlem i rådet.

Vedtak: Det blir opna for at dei faste medlemmane i nemnda kan melde seg på fagdagen.
Fylgjande medlemmar har gjeve tilbakemelding om at dei ynskjer å delta: Jon Sjurgard, Ingunn Svelle Heinåli, Pål Grev, Eli Hansen Moen, John Helge Larsen, Johan Berge (førebels), Frode Faksvåg, Steinar Aanning og sekretær. Randi Rust møter som styremedlem i rådet. Sjekke moglegheit for felles transport.

7. CWD-kartlegging

I haust skal det bli teke CWD-prøve av all villrein felt under jakt som er eit år og eldre, på same vis som fire siste åra. Villreinnemnda har ansvar for bestilling og utdeling av prøvetakingsutstyr til valdansvarleg representant som skal levere det vidare til jegerane. Det kan vera aktuelt å arrangere eit informasjonsmøte slik som dei fyrste åra, men mange av jegerane begynner truleg å få godt tak på prøvetaking og er godt kjent med problematikken rundt CWD.

Innstilling: Sørge for utdeling av prøvetakingsutstyr til valdansvarleg representant som fordelar vidare til jegerar. Vurdere om det er naudsynt med informasjonsmøte og evt plassering av eit slikt møte.

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

7

Vedtak: Sørge for utdeling av prøvetakingsutstyr til valdansvarleg representant som fordelar vidare til jegerar. Vurdere om det er naudsynt med informasjonsmøte og evt plassering av eit slikt møte. Gode informasjonsvideoar eksisterer og gir mindre behov for informasjonsmøte. Prøve å få til same ordning som dei siste åra der Veterinærinstituttet har sendt prøvepakker direkte til valdansvarleg representant.

8. Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen lyser ut middel til villreintiltak

Villreinnemnda har kr 229.950,- til utdeling i 2022

Villreinnemnda lyser ut middel til villreintiltak med søknadsfrist 15.06.22.

Tilskot til villreintiltak er innbetalte fellingsavgifter for villreinjakt som blir ført tilbake til det einskilde villreinområde. Middel kan bli brukt til tiltak som:

1. Styrker forvaltninga av villreinstamma.
2. Styrker kunnskapen om villreinen sin arealbruk i både nåtid og fortid.
3. Fremmar befolkninga sin forståing og kunnskap om villreinen sin bruk av fjellområda. Søknad skal innehalde målsetting og beskriving av tiltaket, budsjett (kostnadar og finansiering) og tidsramme for gjennomføring, namn og kontonummer til søker.

Send søknaden til:

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

Moavegen 30

2690 Skjåk

tor.taraldsrud@skjaak.kommune.no

Innstilling: Pressemeldinga over blir sendt ut til: Alle kommunar innan villreinområdet, Fjuken, GD, Vigga, Fjordingen, Norddalen, Sunnmøringen, Storfjordnytt, Åndalsnes avis, Sogn avis, Romsdals Budstikke, villreinen.

Vedtak: Pressemeldinga over blir sendt ut til: Alle kommunar innan villreinområdet, Fjuken, GD, Vigga, Fjordingen, Norddalen, Sunnmøringen, Storfjordnytt, Åndalsnes avis, Sogn avis, Romsdals Budstikke, villrein.no.

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

9

9. Kvote 2022 og tildeling av fellingsløyve

Villreinnemnda vurderer kvotesøknad på bakgrunn av bestandsplan, teljing av vinterstamme og årleg kvotesøknad frå villreinutvalet. Det er søkt om 1065 fellingsløyve. Søknad frå villreinutvalet datert 12. april er limt inn i saka lengre ned.

Reinheimen: Det var gjennomført minimumsteljing med helikopter 3. og 20. mars. Da var vinterstamma i Reinheimen telt til 1966 dyr mot 2063 i fjor (målsetting: 1800-1900). Kvoteforslag på nord er sett til 800 dyr. Det er ynskjeleg å få ned stamma ytterlegare for å oppnå målet i bestandsplanen. Dei siste åra har det vore fallande kondisjon i stamma. Ei litt mindre stamme kan kanskje vera eit positivt bidrag, men fallande kondisjon er mest truleg resultat av fleire faktorar.

Tabell 2

| Reinheimen | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 | Kommentar 2022 |
|-----------------|------|------|------|------|------|------|------------|--|
| Vinterstamme | 2098 | 1941 | 2266 | 2032 | 1936 | 2063 | 1966 | |
| Tilvekst | 355 | 693 | 429 | 413 | 417 | 473 | 393 | Estimert 20 % kalvetilvekst |
| Tilvekst % | 17 % | 36 % | 19 % | 20 % | 22 % | 23 % | 20 % | |
| Sommarbestand | 2453 | 2634 | 2695 | 2445 | 2353 | 2536 | 2359 | |
| Avskyting | 512 | 368 | 663 | 509 | 290 | 570 | 520 | Estimert 65 % felling, snitt siste 10 år |
| Kvote | 725 | 675 | 900 | 700 | 500 | 800 | 800 | |
| Fellingsprosent | 71 % | 55 % | 74 % | 73 % | 58 % | 71 % | 65 % | |
| | | | | | | | 1839 | etter jakt (mål 1800-1900) |

Breheimen: Breheimen er delt i to delstammar og har målsetting om ein vinterstamme på 650-750 dyr. På sør-aust var vinterstamma 484 dyr mot 510 i fjor. På sør-vest var den 276 mot 290 i fjor.

På sør-aust vil ei kvote på 170 dyr truleg føre til ein vidare reduksjon av stamma, ned mot 450 dyr. Stamma på sør-aust har i ein periode vore noko høgare enn bestandsmålet, delkvota i dette området verkar derfor fornuftig.

Tabell 3

| Breheimen | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 | Kommentar 2022 |
|-----------------|------|------|------|------|------|------|------------|--|
| Vinterstamme | 783 | 832 | 780 | 915 | 809 | 800 | 760 | |
| Tilvekst | 205 | 161 | 314 | 109 | 180 | 213 | 152 | Estimert 20 % kalvetilvekst |
| Tilvekst % | 26 % | 19 % | 40 % | 12 % | 22 % | 27 % | 20 % | |
| Sommarbestand | 988 | 993 | 1094 | 1024 | 989 | 1013 | 912 | |
| Avskyting | 156 | 213 | 179 | 215 | 189 | 253 | 199 | Estimert 75 % felling, snitt siste 10 år |
| Kvote | 200 | 250 | 225 | 300 | 250 | 300 | 265 | |
| Fellingsprosent | 78 % | 85 % | 80 % | 72 % | 76 % | 84 % | 75 % | |
| | | | | | | | 713 | etter jakt (mål 650-750) |

Kvoteforslag på sør er samla sett til 265 dyr. Det vil truleg føre til større avskyting enn tilvekst og ein ytterlegare reduksjon i stamma. Det er ynskjeleg med noko bestandsreduksjon også i Breheimen.

I følge § 7 i Naturmangfaldslova skal alle vedtak der ein påverkar naturmangfald bli vurdert etter dei miljørettslege prinsipp - §§ 8-12:

Kunnskapsgrunnlaget er godt med bakgrunn i årlege bestandsregistreringar (§§ 8-9). Kvotestorleik er forsvarleg (§ 10). §§ 11-12 er ikkje relevant i denne saka.

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

10

Saksa frå kvotesøknaden til villreinutvalet:

Kvote (inkl. 21 oppsynskort):

Nord: 800 fellingsløy. (inkl. 14 oppsynskort) /Oppland 85 % - Møre og R. 15 %
Sør: 265 " (inkl. 7 ") /Skjåk 75 % - Luster 18 % - Stryn 7 %
Tot: 1065 fellingsløyver/jaktkort, 21 oppsynskort

| Kortfordeling: | <i>Nordområdet</i> | <i>Sørområdet</i> |
|-----------------------|--------------------|-------------------|
| <i>Kalv</i> | 40 % | 40 % |
| <i>B40/Simle</i> | 30 % | 30 % |
| <i>Bukk u. 50 kg</i> | 5 % | 5 % |
| <i>Fritt</i> | 25 % | 25 % |
| <i>Sum</i> | 100 % | 100 % |

Tabell 4: Fordeling av ulike kategoriar kort:

| Korttype | 2022 |
|-----------------------|------|
| Kalv | 40 % |
| Simle / Bukk u. 40 kg | 30 % |
| Bukk u. 50 kg | 5 % |
| Fritt dyr | 25 % |

Tabell 5: Fordeling av kort mellom valda.

| | Kvoteandel | Fordeling |
|-----------|-------------------|--|
| Innlandet | 85 % | Fordeling iht areal mellom valda innan Innlandet |
| Rauma | 8 % | Fordeling iht areal innan Rauma |
| Fjord | 5,5 % | Fordeling iht areal innan Fjord |
| Stranda | 1,5 % | Fordeling iht areal innan Stranda |
| Sum | 100 % | |
| Skjåk | 75 % | Eit vald |
| Stryn | 7 % | Eit vald |
| Luster | 18 % | Eit vald |
| Sum | 100 % | |

I følgje bestandsplanen kan det bli sett av nokre oppsynskort. For 2022 blir det sett av 14 oppsynskort på nordområdet og 7 på sørområdet. Desse blir teke frå totalkvota og belastar derfor kvart vald likt.

Innstilling: Nemnda har fastsett ei samla kvote for heile villreinområdet til 1065 dyr for 2022, fordelt på 800 dyr i Reinheimen, 265 dyr i Breheimen. Vald som har gjeve skriftleg tilslutning til bestandsplanen får tildelt fellingsløyve som valfrie dyr. Fordeling av villreinkort på ulike kategoriar skal vere som i tabell 4. Fordeling av villreinkort på ulike vald slik det går fram av tabell 5 jf bestandsplan.

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

11

Vedtak: Nemnda har fastsett ei samla kvote for heile villreinområdet til 1065 dyr for 2022, fordelt på 800 dyr i Reinheimen, 265 dyr i Breheimen. Vald som har gjeve skriftleg tilslutning til bestandsplanen får tildelt fellingsløyve som valfrie dyr. Fordeling av villreinkort på ulike kategoriar skal vere som i tabell 4. Fordeling av villreinkort på ulike vald slik det går fram av tabell 5 jf bestandsplan.

10. Orienterings og drøftingssak: Utbygging av rv 15 gjennom Breiddalen

Villrein er eit viktig tema i samband med denne vegbygginga. Utbygginga må bli utført på ein slik måte at ein tar vare på det kanskje viktigaste trekkområdet i Reinheimen-Breheimen. Trekket i Breiddalen er avgjerande for utveksling av villrein mellom Reinheimen og Breheimen.

Innstilling: Invitere oss sjølv til eit møte med aktuelle partar i denne saka – t.d. Skjåk kommune og Statens vegvesen.

Vedtak: Invitere oss sjølv til eit møte med aktuelle partar i denne saka – t.d. Skjåk kommune og Statens vegvesen.

11. Orienterings og drøftingssak: Kvalitetsnorm for villrein - status

Status for villrein i Norge blir presentert av Miljødirektoratet måndag 25. april. Det blir interessant å sjå korleis vårt villreinområde er klassifisert.

Kvalitetsnorm for villrein er satt av som fagtema i programmet for møtet saman med villreintvalet. Om det blir tid er det fint om vi kan prate noko om dette temaet også i vårt eige møte.

12. Referatsaker

12.1. Søknad om kjentmannskøyning 2022 - høyringsuttale (Sak 1-22)

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har bedt villreinnemnda om uttale til søknad om kjentmannskøyning i Reinheimen frå Lesja og Dombås Røde kors.

Søknaden:

Viser til vedlagte øvingsplan som er godkjent av Innlandet politidistrikt, samt kjøring av kjentmannsturer i nasjonalparkene som er anbefalt av samme instans. Dette er år 3 i vår 5 årige øvingsplan.

Vi søker hermed nasjonalparkstyret for Reinheimen om tillatelse til motorisert ferdsel for følgende aktivitet i 2022:

Øvelse B4: Kjentmannstur i Reinheimen nasjonalpark vest.

Motorisert ferdsel med inntil 15 snøskutere, lørdag 26. mars 2022 og søndag 27. mars 2022.

Det søkes også om tillatelse til oppkjøring av spor øverst i Asbjørnsdalen, omlag 700 meter innenfor nasjonalparken fredag 25. mars. Det vil bli brukt 3 skutere på oppdraget.

Kartet på neste side syner køyreruta som Røde kors ynskjer å køyre.

Vår vurdering


Røde kors gjer ein viktig jobb i våre fjellområder og vi ser behovet for kjentmannskøyning. Likevel ynskjer vi at køyringa i område der ein kan treffe på villrein bør bli avgrensa mest mogleg. Ein bør derfor velje tidspunkt og rute slik at sjansen for å treffe på villrein blir minst mogleg. I dei områda der det er mest ferdsel av folk vil det truleg også vera størst sannsyn for å få eit redningsoppdrag. Det er i dei fleste tilfelle utanom dei områda med mest villrein.

Fostringsflokkane har dei siste åra brukt området nord for Lordalen som kalvingsområde og dei fyrste flokkane kjem ofte i mars månad. Da er det uheldig med kjentmannskøyning her på denne tida. Om øvinga blir lagt tidlegare på vinteren (før 1. mars), er sjansen mindre for å treffe på villrein etter ruta som er skissert. Tidlegare har også øvingane til ulike avdelingar av røde kors i Reinheimen vore fløtt (i tid og/ eller rom) for å redusere sjansen for å treffe på villrein.

Når det gjeld talet på snøscooterar er villreinnemnda av den oppfatning at det er betre å køyre fleire scooterar på ei helg enn å køyre færre mange helgar på rad. Samstundes tykkjer vi at 15 snøscooterar var mykje. Er det naudsynt? Køyreruta går ikkje gjennom område med mykje ferdsel, er det da naudsynt å gjennomføre kjentmannskøyning for så mange i dette området der det truleg er lite sannsyn for redningsoppdrag?

Det er viktig at Røde Kors tar omsyn om dei eventuelt skulle treffe på villrein under køyringa. Halde god avstand og eventuelt passere dei på le side.

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen



12.2. Søknad om øvingsaktivitet i Breheimen – høyringsuttale (Sak 2-22)

Vest politidistrikt har bedt villreinnemnda om uttale til søknad om kjentmannskøyring i Breheimen frå Skjåk Røde kors.

Søknaden:

Skjåk RKH har søkt om øvingsaktivitet med bruk av snøscooter i Breheimen for 2022-2026.

Vurdering

Generelt:

Røde Kors gjer ein viktig jobb, villreinnemnda er positive til at det blir lagt til rette for øvingar i regi av Røde Kors. Villreinnemnda ynskjer primært at øvingane blir lagt utanom villreinområda. I dei tilfelle det er avgjerande for Røde Kors å ha øvingar innanfor villreinområda bør dei bli lagt til ei tid på året da villrein ikkje oppheld seg i det området (jf sesongvis arealbruk).

Når det gjeld køyring med mange snøskuterar er det betre å køyre mange samstundes, enn at det kjem ein og ein skuter over ein lang periode.

Det er viktig at Røde Kors tar omsyn om dei eventuelt skulle treffe på villrein under køyringa. Halde god avstand og eventuelt passere dei på le side. Det er ynskjeleg at Skjåk RKH har kontakt med SNO og/eller villreinutvalet i forkant av øvinga for å få oppdatert informasjon om kor villrein oppheld seg slik at dei kan tilpasse øvingsrute for å unngå villrein.

Det er positivt om ulike lokalforeingar kan samarbeide og felles øvingar i grenseområda. Det er betre med t.d. ei større øving ei helg enn mindre øvingar to påfølgjande helgar.

Villrein er sårbar for forstyrning på vinter og vår. Det er ein periode som kan vera energikrevjande for villrein og det kan vera vanskelege tilhøve for å skaffe mat. På slutten av denne perioden kjem det både trekk mot kalvingsområde og mot sommarbeiteområde. Det er viktig å unngå forstyrning i desse periodane og i område som er viktige trekkpassasjer. Dersom mykje av øvingsaktiviteten er ferdig innan utgangen av mars, vil ein i stor grad unngå forstyrning av både trekk og kalvingsområde.

Spesielt for grenseområda mellom Skjåk og Luster: Normalt oppheld villrein seg nord for Lundadalen i Skjåk på vinterbeite. På våren trekker bukkane sør-vestover. Det er ynskjeleg med auka arealbruk sørvestover mot og inn i Luster i dei områda villrein har brukt aktiv i tidlegare tider. Det er derfor viktig å unngå å forstyrre villrein på trekk sørvestover på våren. I grenseområda Skjåk- Luster (t.d. Nørdestedalseter, Medalsbu, Sota sæter) bør ein prøve å få til øvingane så tidleg som mogleg på vinteren, helst innan utgangen av mars. Villreinutvalet i vårt område gjer normalt villreinteljing i januar-februar. Vinteren 2014 vart det ikkje før 27. mars. Da hadde allereie 166 dyr kryssa Lundadalen og vart observert ved Hesthøe. Øving i april i desse områda bør ein ikkje tillate.

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

15

12.3. Oppfølging av rasteplass ved Geirangerkrysset (Rv 15)

Nemnda har tidlegare skrivne uttale om rasteplassen i Breiddalen og negative konsekvensar av denne for villrein. -Sjekk ut status på denne iht Staten Vegvesen.

Innstilling: Referatsakene er tekne til orientering.

Vedtak: Referatsakene er tekne til orientering.

13. Neste møte i nemnda

Det er mykje aktivitet i Bjorliområdet på Lesja når det gjeld hyttebygging og ferdsel. Noko av ferdselen vil skje inn i Reinheimen, t.d. inn i Asbjørnsdalen som er eit viktig område for villrein i vårt område. Problematikken har vore drøfta med nasjonalparkforvaltninga for Reinheimen og Dovrefjell. Betre informasjon for å få folk til å ta omsyn til villrein kan vera eit avbøtande tiltak. Da er de ynskjeleg å få til eit informasjonsmøte om villrein der ein inviterer både hyttefolk, fastbuande og politikarar i dette området. Det er aktuelt både for nemnda i Reinheimen-Breheimen og Snøhetta-Knutshø og for nasjonalparkstyra i både Reinheimen og Dovrefjell. Vi kan høyre med Norsk villreinsenter nord om dei kan halde ein presentasjon om villrein. Midten av september har vore signalisert som eit aktuelt tidspunkt (16.-17 sept).

Vi kan drøfte andre aktuelle datoar under møtet.

Innstilling: Bjorli 16-17 september.

Vedtak: Villreinsenteret på Hjerkinna mandag 27. juni kl 11:30. Starte med mat. Ferdsel – tilrettelegging. Viewpoint Snøhetta. Program i samråd med villreinsenteret.

Bjorli 16-17 september eller evt 23.-24. september. Endeleg val av dato i samråd med nemnda i Snøhetta og Knutshø.

14. Eventuelt

Innstilling:

Johan Berge
Leiar


Tor Taraldsrud
Sekretær